



No skin ho att

Aktivitetshusets Damevenner, som har regien, kallar det ein julemarknad. Men det kunne like gjerne heite lysfest. Når musikklaget slår an dei første tonane til "Nå tenes tusen julelys" og GRANO som ved eit trylleslag strålar atter ein gong, er det noko meir enn ein marknad sjølv om også den høyrer med ved eit slikt høve.



- Alle skal få, lova nissen

Tenninga av det permanente juletreet vårt, som musikklaget har hatt ansvaret for heilt sidan 1963, vart også denne gongen svært vellukka. Marknaden som bokstaveleg tala omkransa plassen hadde nok ikkje rekorddeltaking, men innslaget frå andre bygder - frå Åkra til Sunde - var større enn det plar vera. Anna

Ingeborg Bjørnebøle frå Omvikdalen var på plass med ullgeitene sine og det var også Liv Kolaas frå Sunde med strikkeproduksjonen sin, for å nemna to døme.



Anita Ænes i Damvennene hadde all grunn til å smila etter arrangementet

Skule-elevane hadde lagt seg skikkelig i selen også dette året og presenterte eit imponerende julegåvespekter. Som før blir inntekta matematisk fordelt på klassane og nytta til velferdstiltak som det ellers ikke ville vorte noko av.



Marit Hjørnevåg frista med sild.

Utandørs kunne ein smake både på Hjørnevåg-sild og Friheim-pølse og svelge det ned med gløggen til damevennene. Der kune ein også få med seg eit julenek.

Inne i Gamleskulen stod potetkaker og Nordlandslefse på menyen medan ein i Helgheim kunne sikra seg ein tallerken graut etter kjøperunden oppe.



Marit Inga Traavik Sture og Siren Johanne Leirvik Johansen selde smykkekeposar og julesokkar.

Men før alt dette hadde altså musikklaget innleia det heile med å ramme inn tenninga på imponerende vis. Her spela gamle og unge side om side og det er særleg grunn til å trekka fram Tove Skår som hadde comeback etter 26 år!

Det vart ein heil julekonsert på 20 minutter!



Liv Kolaas frå Sunde kom med ein imponerande strikke-kolleksjon.

Ein ny vri var at det heile vart avslutta med gang rundt juletreet leia av Børsdalsnissen. Då var dei fleste gått heim og vi undrast på om ikkje det vil vera lurare å leggja inn dette innslaget i starten.

Men apropos nissen.:Vi har før vore inne på at åra tar til å siga på han, men etter hans høge aktivitetsnivå i dag innser vi at det ikkje er rett. Han er framleis sprek som ein fole og held nok ut i mange år enno.



Mange med Haugland som etternavn frista med tresleivar, skohorn, armband og øyredobbar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Musikklaget imponerte under julegrantenninga.